

---

**Fra:** Ottesen Bård Andreas Selstad <baso@nve.no>  
**Sendt:** 4. mai 2015 11:34  
**Til:** 'frodetufte55@live.no'  
**Kopi:** Postmottak Meland; Marius Flemmen Knudsen  
**Emne:** Bekkelukking i Moldekleivsmarka, Meland kommune

**Kategorier:** Grønn kategori

Hei

Eg har sjekka litt nærmere og kan ikkje sjå at NVE har motteke noko sak frå Meland kommune knytt til bekken som renn ut frå Grasdalstjørna gjennom Moldekleivmarka i Meland kommune.

NVE meiner at bekkar i prinsippet bør takast vare på og vere opne. Bekkar har stor verdi med tanke på biologiske prosessar, naturoppleveling og landskap. Lukking av bekkar kan føre til betydelege skadar som følgje av overfløyming, anten fordi røyr/kulvertar er underdimensjonerte, eller fordi dei vert tilstoppa. Bekkelukkingar skal normalt vurderast etter vassressurslova.

Vassressurslova har fleire alminnelege reglar om vassdrag. Desse er gjeve i vassressurslova Kap. 2, og gjeld for alle tiltak i vassdrag. NVE syner særskilt til § 8 som viser til at ingen må iverksette vassdragstiltak som kan vere til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser i vassdraget. NVE syner også til plikta til å vere aktsam i vassressurslova § 5, som gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for ålmenne interesser.

Kopi av denne e-posten vert sendt Meland kommune.

**Bård Ottesen**

Seniørrådgjevar seksjon for vassdragsinngrep - Konsesjonsavdelinga

**Noregs vassdrags- og energidirektorat**

Telefon: 22959528, mob: 93067434, e-post: [baso@nve.no](mailto:baso@nve.no)